

**Skriv orda i boksen på rett stad i teksten. Er du usikker, kan du sjå på teksten på side 48 i Trafikkboka.**

Stå roleg på haldeplassen så \_\_\_\_\_ frå vegen eller fortauskanten som råd. Bussen er \_\_\_\_\_ og treng god plass når han skal inn til \_\_\_\_\_.

Stå i ro heilt til bussen \_\_\_\_\_.

Når bussen har stoppa, kan de \_\_\_\_\_ roleg i \_\_\_\_\_ fram til inngangsdøra.

Ikkje \_\_\_\_\_ eller press deg fram i køen.

\_\_\_\_\_ får plass på bussen. Gå \_\_\_\_\_ inn og finn eit ledig sete.

Når du har sett deg, skal du setje \_\_\_\_\_ på fanget eller nede ved føtene. Ta på \_\_\_\_\_, slik at du sit trygt.

Beltet skal liggje tett inntil \_\_\_\_\_, og det må ikkje vere vridd. Har du tjukk vinterjakke på, kan det vere lurt å \_\_\_\_\_ jakka, slik at du får stramma beltet godt. Hugs at du aldri skal ta beltet \_\_\_\_\_ begge armane. Då verkar det ikkje slik det skal.

langt	gå	roleg	kroppen	stor	dytt
setebeltet		under	haldeplassen	sekken	opne
stoppar	rekkje	Alle			